

ÅRETS LOKALAVIS

2022

Fjordenes Tidende

Fjordenes Tidende har vore mellom dei aller beste i sin region i mange år. Kontinuerleg utvikling er – og har vore – ei drivkraft, og heia fram av inkluderande leiarar har ein hardtarbeidande redaksjon og ei kreativ salsavdeling levert resultat som står seg mot kven det måtte vere.

Den digitale veksten er dokumentert i statistikkane, men handlar om langt meir enn reine tal. Fjordenes Tidende dyrkar fram dei nye formata: Podkast, strøyming, studiosendingar, aktiv bruk av sosiale medium og ei medviten haldning til lesarvenleg frontarbeid gir luft under vengane. I tillegg har redaksjonen sjølvkjensle nok til å finne på sprell når det høver seg slik.

Det handlar aldri om å fylle opp nettavisa med det som allereie har stått på papir, sakene skal først på nett, tilrettelagde for digital lesing og servert med ekstramateriale. Det er aktuelt, nært, moderne – og innbydande. Papiravisa er på langt nær eit tilleggsprodukt, snarare eit «premiumprodukt», og kvar utgåve veg tungt både i innhald og i handa.

Kjeldebruken er medviten i høve til mangfald. Her er det plass til alle, og det er neppe tilfeldig. Rettferd synest å vere ei rettesnor i den redaksjonelle grunnhaldninga, og det byggjer tillit og identitet hos brukarane.

Kanskje nettopp som følge av likeverdsidealat har Fjordenes Tidende i 2021 avslørt ein sterkt kritikkverdig forvaltningskultur i heimfylket. Gjennom eit langvarig graveprosjekt har redaksjonen blåst vekk all tåkelegging frå dei som har makta, fortalt sanninga og sytt for at seks varslalar har fått oppreisningserstatning.

Juryen meiner difor at Fjordenes Tidende er Årets lokalavis.

ÅLESUND, 19. MARS 2022

Reidun Kjelling Nybø

Karoline Riise Kristiansen

Sindre Halkjelsvik

ÅRETS LOKALAVIS

2022

Vest-Telemark Blad

Heiderleg omtale

Å vere samlande lokalavis i grisgrendte strok er ikkje til å kimse av. VTB klarar likevel å vere hovudvegen for ein brei lesarskare i fleire kanalar. I ei turbulent tid der fylka rundt slår seg saman og løyser seg opp att, der avisfloraen gir konkurranse og press frå bynære område, og der dei internt har hatt store omveltingar, står denne avisa sjølvstendig og støtt. VTB er tru mot seg sjølv og ser optimistisk på framtida.

Det er få skuter i Vest-Telemark. Det har blitt færre postbilar òg. Dei tilsette har likevel «snudd skuta», og ved iherdig innsats og lag spel har minus blitt til pluss i arbeidsbökene. Men den som trur myntane støvar ned på kistebotnen, tek feil, dei blir nemleg investerte i framtida. Juryen beundrar pågangsmotet avisa har, til å prøve ut nye kanalar og å satse på nye format for å nå yngre og breiare. Den digitale satsinga ber preg av nytenking, utan å vere redd for å sjå seg tilbake. I tillegg er det grafiske arbeidet kreativt, og det visuelle uttrykket løftar journalistikken på ein særeigen måte på papir. Her rår ingen fellesmal, han er unik.

Men også journalistikken i seg sjølv er modig og rettar seg mot dei som kjem etter. Juryen vil spesielt heidre avisa for temanummeret 22. juli 2021 og tiårsmerkinga etter terroren i Regjeringskvartalet og på Utøya. Gjennom nære, personlege portrett blir vi kjende med ungdommane som ikkje kom heim.

Men også her gjer avisa det igjen; ser framover.

«Veslebladet» er blitt storebror, og juryen gratulerer
Vest-Telemark Blad med heiderleg omtale.

ÅLESUND, 19. MARS 2022

Reidun Kjelling Nybø

Karoline Riise Kristiansen

Sindre Halkjelsvik

ÅRETS LOKALAVIS

2022

Kulingen

Heiderleg omtale

Kulingen er en perle av en lokalavis som har funnet en vinneroppskrift og får til svært mye med få ressurser.

Avisa teller totalt kun fire medarbeidere, men mange av sakene redaksjonen klarer å grave fram, er helt på høyde med det store, riksdekkende redaksjoner presterer. Her finner vi en stor andel unge kilder, levende bilder og sprek formidling både på nett og papir. I næringsstoffet får avisa fram menneskene i sakene.

Det er god balanse mellom tungt og lett i stoffmiksen. Redaksjonen tør å gi seg i kast med virkelig krevende saker – som fortellingen om familien som fikk nei fra menigheten da de ville gjennomføre minnestund etter et selvmord. Denne og flere andre omfattende saker dokumenterer et stort mot og en grunnleggende forståelse av den kritiske samfunnsrollen en lokalavis har i sitt distrikt. Men det er plass til humørfylte sprell også – som når de presenterer en ny journalist (en sørting, selvfølgelig) under nydratt kveite.

Kulingen har positiv utvikling når det gjelder antall lesere og har vært en av opplagsvinnerne i sitt distrikt det siste året. Avisa har i samme periode tatt mange og lange steg i nettpubliseringen. Nettutgaven er innbydende, med gode personvinklinger og en fin karusell av forsidesaker som forlenger levetiden til mange av avisas aller tyngste satsinger.

Juryen oppfordrer andre lokalaviser til å la seg inspirere av Kulingen.

ÅLESUND, 19. MARS 2022

Reidun Kjelling Nybø

Karoline Riise Kristiansen

Sindre Halkjelsvik